

## Utlysning av såkornmidlar for å styrkje praksis og partnerskap i lektorutdanninga

UiB har som mål å styrkje samanhengen mellom praksis, profesjonsfag og disiplin fag i lektorutdanninga, og å utvikle partnerskap mellom UiB og praksisfeltet. Lektorsenteret ønskjer å stimulere til nye tiltak som kan bidra til å nå målet, og ser på implementering av redesignprosjektet som ei viktig ramme for slike tiltak. Med dette utgangspunktet utlyser lektorsenteret kr 300 000 i såkornmidlar med følgjande føringar:

- Midlane skal brukast til aktivitetar som kan bidra til at redesign av lektorutdanninga styrker praksis og samarbeid med praksisfeltet.
- Midlane kan brukast til bl.a. seminar, prosjektutvikling, assistanse og frikjøp<sup>1</sup>. Det kan normalt ikkje brukast midlar til utstyr.
- Utvikling av kampusdagar vil bli prioritert. Derneft vil arbeid med didaktisk bruk av KI i skulefaga bli prioritert.
- Det er ønskeleg med prosjekt som inneheld eller opnar for deltaking frå skular eller andre aktørar i praksisfeltet.
- Midlane må brukast innan utgangen av mars 2025.
- Søknadssum: Mellom kr. 15 000 og kr. 70 000.

Søknadsfrist er 2. mai 2024. Svar vil bli gitt innan 16. mai.

Søknaden skal sendast til: [Lektorsenteret@uib.no](mailto:Lektorsenteret@uib.no), med kopi til [ranveig.lote@uib.no](mailto:ranveig.lote@uib.no)

### Krav til søknad

1. Prosjekttittel
2. Mål og målgruppe
3. Beskriving av relevans og kvifor det er behov for prosjektet
4. Aktuelle tiltak
5. Prosjektleiari og samarbeidspartnarar
6. Enkelt budsjett og tidsplan
7. Eventuelle andre moment

Søknader vil bli vurdert på bakgrunn av kvalitet, relevans, behov og om prosjektet bidreg til nyskaping på feltet. Søknadene blir vurdert av ei komité som førebels er samansett av Endre Brunstad og Hilde Beate Selbervik, og med Ranveig Lote som sekretær. Komiteen vil kunne bli supplert med relevant kompetanse når søknadene er komne inn.

Eventuelle spørsmål kan sendast til: Fagleg leiari [Endre.brunstad@uib.no](mailto:Endre.brunstad@uib.no) eller seksjonsleiari [Ranveig.lote@uib.no](mailto:Ranveig.lote@uib.no)

---

<sup>1</sup> Dersom ein planlegg frikjøp må dette avklarast med den enkelte sin personalleiari.